



STORD  
KOMMUNE



kristorbyen



Foto: Trodlaugan barnehage

# Strategi for risikovurdering, rettleiing og tilsyn med barnehagar

Fagavdeling for oppvekst og kultur 27.01.2022

## Innhold

1.0	Innleiing .....	2
2.0	Rettsleg grunnlag.....	3
3.0	Roller og ansvar .....	3
3.1	Kommunen si rolle som barnehageeigar (forvaltningslova gjeld ikkje) .....	3
3.2	Kommunen si rolla som barnehagemynde (forvaltningslova gjeld).....	3
3.3	Barnehageeigar og barnehagemynde sine plikter etter barnehagelova.....	4
4.0	Risikovurdering.....	5
4.1	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) sitt samarbeid med risikovurdering.....	5
4.2	Matrise for risikovurdering om trong for tilsyn og/eller rettleiing .....	6
4.3	Tilsynsverktøy .....	6
5.0	Kommunen si plikt til rettleiing .....	7
6.0	Tilsyn etter barnehagelova.....	7
6.1	Varsel om tilsyn .....	7
6.2	Gjennomføring .....	7
6.3	Rapport og pålegg om retting av lovbrøt .....	8
6.4	Oppfølging .....	8

## 1.0 Innleiing

Kommunen som barnehagemynde skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk, og fører tilsyn med barnehagar etter barnehagelova. Strategi for risikovurdering, rettleiing og tilsyn med barnehagar syner korleis kommunen arbeider med dette.

Kommunen arbeider kontinuerleg med tiltak som kan bidra til auka kvalitet i barnehagane. Kommunalsjef har det overordna ansvaret for at utvikling av god barnehagekvalitet vert prioritert.

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. Barnehagelova § 7, første ledd. Barnehageeigar har dermed juridisk ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet.

Kunnskapsdepartementet sin *Strategi for barnehagekvalitet 2021-2030 – Barnehager mot 2030*, syner korleis nasjonale myndigheiter vil leggje opp arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren framover.

## 2.0 Rettsleg grunnlag

### § 7. Krav til barnehagens virksomhet

*Barnehageeieren har ansvaret for at barnehagen drives i samsvar med gjeldende lover og forskrifter. Kommunale og private barnehager skal være registrert med eget organisasjonsnummer i Enhetsregisteret.*

### § 10. Barnehagemyndighetens ansvar, første ledd

*Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning om og påse at barnehagene drives i samsvar med bestemmelsene i denne loven med forskrifter, med unntak av bestemmelsene i kapittel V med forskrifter.*

### § 11. Krav til likebehandling og uavhengighet

*Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehager når den utfører oppgaver som barnehagemyndighet. Kommunen skal organisere oppgavene den har som barnehagemyndighet adskilt fra oppgavene den har som barnehageeier når dette er egnet til å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet.*

### § 53. Kommunenes tilsyn med barnehagene

*Kommunen fører tilsyn med at barnehagene drives i samsvar med denne loven med forskrifter, med unntak av bestemmelsene i kapittel V med forskrifter. Kommunen kan gi pålegg til barnehagen om å rette uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller forholdet ikke lar rette på seg, kan kommunen fatte vedtak om tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Foreldrerådet skal få mulighet til å uttale seg før kommunen fatter vedtak om stenging. Barnehagen skal uten hinder av taushetsplikten legge frem alle opplysninger som kommunen trenger for å føre tilsyn. Barnehagen skal gi kommunen adgang til barnehagens lokaler.*

## 3.0 Roller og ansvar

### 3.1 Kommunen si rolle som barnehageeigar (forvaltningslova gjeld ikkje)

Kommunen som barnehageeigar har ansvar for at den einskilde kommunale barnehage vert driven i samsvar med gjeldande regelverk.

### 3.2 Kommunen si rolla som barnehagemynde (forvaltningslova gjeld)

Kommunen som barnehagemynde skal ha oversyn over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova og rettleia og føra tilsyn med at barnehagane vert drivne i tråd med krav i barnehagelova. Barnehagemynde har tre verkemiddel til disposisjon i dette arbeidet:

- Godkjenning
- Rettleiing
- Tilsyn

Godkjenning av barnehagar er ikkje omtalt i dette dokumentet. Rettleiing inneber å informera om eigarpliktene, og er eit verkemiddel for å førebyggja lovbrøt. Eigar skal ha moglegheit til å endra på tilhøve som kan føra til pålegg om retting av ulovlege tilhøve. Mynde skal dokumentera at rettleiing er valt, kvifor det er valt og kva det vert gjeve rettleiing om.

Risikovurdering skal liggja til grunn for barnehagemynde sine val av verkemiddel, og må slik ha kunnskap om barnehagane i kommunen for å kunna vurdere risiko for brot på regelverk og iverksetting av tilsyn.

Ved delegering av avgjerdsmynde frå kommunestyret til rådmann, vert barnehagemynde sine oppgåver delegert til den som skal utføra dei i den enkelte kommune.

### 3.3 Barnehageeigar og barnehagemynde sine plikter etter barnehagelova

Oversikta nedanfor er ei oppstilling av barnehageeigar og barnehagemynde sine plikter etter barnehagelova. Barnehagemynde har plikt til å rettleia barnehageeigar på alle lovparagrafane i barnehagelova.

§§	Innhald	Bhg.eigar	Kommunen som bhg.mynde
1	Formål	X	
1 a	Særlig formål	X	
2	Barnehagens innhold	X	
2 a	Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen frå barnehage til skole	X	
3	Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste	X	
4	Foreldreråd og samarbeidsutvalg	X	
5	Felles samarbeidsutvalg for barnehage og skole	X	
6	Virksomhetens plikt til å søke godkjenning	X	
7	Krav til barnehagens virksomhet	X	
8	Krav til vedtekter	X	
9	Internkontroll i barnehagen	X	
10	Barnehagemyndighetens ansvar		X
11	Krav til likebehandling og uavhengighet		X
12	Særlige regler for klageinstans		X
13	Statlig råd og veiledning		X
14	Godkjenning		X
15	Familiebarnehager		X
16	Rett til plass i barnehage		X
17	Samordnet opptaksprosess i kommunen		X
18	Prioritet ved opptak		X
19	Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager		X
20	Foreldrebetaling		X
21	Virkeområde og formål ( gjeld for private barnehagar)	X	
22	Definisjoner (gjeld for private barnehagar)	X	
23	Krav til bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i private barnehager	X	
24	Styrer	X	
25	Pedagogisk bemanning	X	
26	Grunnbemanning	X	
27	Krav om norskferdigheter for å bli ansatt i barnehage	X	
28	Krav om norskferdigheter for personer med utenlandske yrkeskvalifikasjoner som styrer eller pedagogisk leder	X	
29	Forbod mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet	X	
30	Politiattest	X	
31	Rett til spesialpedagogisk hjelp		X
32	Samarbeid med barnets foreldre		X
33	Pedagogisk-psykologisk tjeneste		X
34	Sakkyndig vurdering		X
35	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		X

36	Rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp		X
37	Barn med nedsatt funksjonsevne		X
38	Rett til tegnspråkopplæring		X
39	Barn med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)		X
40	Oppfyllelse av enkeltvedtak som er kjent ugyldig		X
41	Nulltoleranse og forebyggende arbeid	X	
42	Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)	X	
43	Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn	X	
44	Taushetsplikt	X	
45	Opplysningsplikt til sosialtjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten	X	
46	Opplysningsplikt til barnevernet	X	
47	Innhenting av opplysninger frå Folkeregisteret		X
47 a	Kommuner, fylkeskommuner og private barnehagers behandling av personopplysninger	X	X
48	Plikt til å gi opplysninger om tjenestedata og regnskapsdata (gjeld kommunale barnehagar)	X	
49	Plikt til å gi opplysninger til barnets bostedskommune	X	
50	Helsekontroll av barn og personale	X	
51	Øvingsopplæring	X	
53	Kommunens tilsyn med barnehagene		X

## 4.0 Risikovurdering

Den som har ansvar for myndeoppgåvene skal, gjennom barnehageåret, utføra risikovurdering av barnehagane sitt arbeid etter barnehagelova, og konsekvensar av brot på dette. Mynde må difor ha:

- Kunnskap om eigar sine plikter
- Oppdatert og rett lovforståing
- Informasjon om korleis barnehagane arbeider med å oppfylle lovkrav

Med bakgrunn i informasjon om praksis i den einskilde barnehage, vurderer barnehagemynde behov for rettleiing og tilsyn. Spørsmål som er relevante for barnehagemynde i samband med risikovurdering er:

- Har ein kunnskap om og oversyn over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova?
- Har ein nok og rett kunnskap om korleis barnehageeigar oppfyller pliktene etter barnehagelova?
- Nyttar ein kunnskapen til å gjera risikovurdering av trong for rettleiing og tilsyn?
- Gjennomfører ein rettleiing og tilsyn i tråd med risikovurdering?

Oppgåva til barnehagemynde er å vurdere kor sjansen for lovbrøt er størst i høve krav i barnehagelova.


### 4.1 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) sitt samarbeid med risikovurdering

FOS si barnehagegruppe vil årleg utarbeida ein handlingsplan for samarbeid knytt til risikovurdering. Kommunane følg opp rettleiing av barnehagane i eigen kommune. Dette ved utarbeiding av årshjul for tema på møte med barnehagane som i stor grad er synkronisert med FOS sin handlingsplan.

Barnehagemynde i den einskilde kommune hentar informasjon gjennom ulike kjelder, som årsmelding, vedtekter, årsplan, osv. Ein føreteik så ei risikovurdering i eigen kommune før ein har

dette som felles læringsøkt i FOS. Med bakgrunn av dette kan ein avdekka behov for felles kompetanseheving i regionen, og vurderer om det er behov for å opna tilsyn.

#### 4.2 Matrise for risikovurdering om trong for tilsyn og/eller rettleiing



Varsling og eller bekymringsmelding skal alltid utløysa barnehagemynde si plikt til undersøking og innhenting av informasjon med påfølgande risikovurdering. Ved avdekking av ulovlege forhold, skal barnehagemynde ved tilsyn vurderer og konkludera om plikter etter barnehagelova vert oppfylt. Dersom det vert konkludert med brot på regleverket, kan barnehagemynde nytta følgjande verkemiddel:

- Rettleiing
- Pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve
- Pålegg om midlertidig eller varig stenging dersom barnehageeigar ikkje held fristen for å etterkomme pålegget, eller dersom tilhøva ikkje let seg retta. Vedtaket om stenging skal sendast Statsforvaltaren til orientering.

#### 4.3 Tilsynsverktøy

Kommunane i Sunnhordland, i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) har utarbeida eit verktøy/sjekkliste som vert nytta ved tilsyn. Verktøyet inneheld spørsmål og indikatorar til dei ulike ledda i lovparagrafane som vert nytta når ein skal undersøkje om barnehagen har lovleg drift. Innhaldet i verktøyet vert jamnleg drøfta og oppdatert i FOS si barnehagegruppe. Dette samarbeidet styrkjer og kvalitetssikrar den einskilde kommune sin barnehagefaglege kompetanse.

## 5.0 Kommunen si plikt til rettleiing

Udir si [Metodehåndbok for tilsyn](#), omtalar korleis ein kan gjennomføra tilsyn. Handboka omtalar at risikovurderingar skal liggja til grunn for barnehagemynde si vurdering av om det er behov for rettleiing og/eller tilsyn.

Kommunen skal gje rettleiing og sjå til at alle barnehagar vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Det inneber at barnehagemynde aktivt gjev informasjon til barnehageeigar eller styrar om eigar sitt ansvar etter barnehagelova.

Rettleiing er eit av verkemidla barnehagemynde har for å bidra til auka regelverksetterleving i barnehagane. Rettleiing kan vera planlagd med bakgrunn i funn ved risikovurdering, og kan gjevast i fagmøte med barnehageeigarane eller i forkant av planlagde tilsyn.

## 6.0 Tilsyn etter barnehagelova

Barnehagelova § 53, fjerde ledd, skildrar kommunen sin rett til innsyn i dokument og tilgang til barnehagen sine lokale når dette vert sett som nødvendig for å ivareta kommunen si oppgåve som barnehagemynde.

Eit tilsyn inneheld fylgjande fire fasar:

- Varsel om tilsyn
- Gjennomføring
- Rapport
- Oppfølging

### 6.1 Varsel om tilsyn

Varsla tilsyn vert gjennomført som systemrevisjon. Tema for tilsyn er sett på førehand.

Systemrevisjon er systematiske undersøkingar for å slå fast om aktivitetar og tilhøyrande resultat er i samsvar med krav i, eller i medhald av, lov og forskrift.

Systemrevisjon

- Har fokus på prosess og handlingar fram mot sluttprodukt/resultat
- Undersøking av kva handlingar/aktivitetar som vert gjort for å ivareta krav i lov og forskrift
- Organisasjonen er ansvarleg, ikkje den einskilde tilsette
- Skal medverka til at barnehagen utviklar system for kvalitetsutvikling

Tilsyn skal varslast skriftleg til barnehageeigar, med forslag til møtetidspunkt og forventa saksgang i tilsynet. Lovparagrafane som skal undersøkjast i tilsynet, samt innsending av relevant dokumentasjon med frist.

Unntak frå varsling er når barnehagemynde har informasjon om og vurderer det som sannsynleg at ulovlege og/eller uforsvarlege tilhøve straks må undersøkjast for eit eventuelt krav om retting.

### 6.2 Gjennomføring

Føremålet med stadleg tilsyn er å undersøkja om barnehagen sin internkontroll fungerer i praksis. Tilsynet vert gjennomført av den/dei som kommunen har delegert dette ansvaret til.

Framgangsmåte:



- Gjennomgang av barnehagen sin skriftlege internkontroll (for vurdering av om prosedyrane er i tråd med lovkrav)
- Gjennomføring i barnehagen sine lokale med eigar, styrar, tilsette, foreldrerepresentant og eventuelt andre med tilknytning til barnehagen som vert vurdert som aktuelle.

### 6.3 Rapport og pålegg om retting av lovbrøt

Barnehagemynde sine vurderingar og konklusjonar kjem fram i ein rapport til barnehageeigar. Dersom barnehagemynde konkluderer med lovbrøt, vert det i tillegg sendt eit førehandsvarsel med pålegg om retting med frist. Dersom eigar ikkje rettar lovbrøtet innan fristen, fattar barnehagemynde vedtak med pålegg om retting i tråd med forvaltningslova.

Vedtak med pålegg om retting av lovbrøt skal innehalda fylgjande informasjon:

- Paragrafane/reglane vedtaket byggjer på
- Dei faktiske tilhøva vedtaket byggjer på
- Omsyn som har vore avgjerande ved utøving av skjønn
- Klageatilgang
- Klagefrist
- Klageinstans og framgangsmåte ved klage
- Informasjon om retten til å sjå dokument i saka
- Informasjon om retten til å be om utsetting av iverksetting

### 6.4 Oppfølging

Barnehagemynde skal følgja opp at brot på barnehagelova vert retta. Tilsynet vert ikkje avslutta før barnehageeigar har retta lovbrøtet. Dette skal gjerast skriftleg i tråd med informasjon i vedtaket. Dersom barnehagemynde nyttar rettleiing som verkemiddel for å retta lovbrøtet, er det ikkje same krav til skriftleg tilbakemelding frå eigar. Barnehagemynde må likevel sannsynleggjera at lovbrøtet vert følgt opp og korrigert av barnehageeigar.